Skei barnehage
PLAN FOR TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE



Foto: Anne-Sofie Fonn Nilsen

Innhald

- Om barnehagen
- Førebyggjande arbeid i barnehagen
- Rammeplan for barnehagen
- Rutinar for tur
- Foreldre og føresette si rolle i trafikktryggingsarbeidet
- Personalet si rolle i trafikktryggingsarbeidet
- Ulykker og uhell på tur
- Viktige telefonnummer

Nyttige lenker

Trygg Trafikk

Barnas trafikklubb

Forskrift om helse og miljø i barnehager skoler og skolefritidsordninger

Om barnehagen

Skei barnehage er ein fireavdelings barnehage lokalisert på Skei i Sunnfjord kommune. Barnehagen har 45 barn og 15 tilsette for barnehageåret 2026/2027. I nabolaget rundt barnehagen finn vi Tenestetorget, Felleskjøpet, Skei omsorgssenter og Skei barne -og ungdomsskule. På oppsida av barnehagen er det parkeringsplassar for tilsette og føresette. E39 går gjennom sentrum av Skei og det er også nokre kommunale vegar i området. Barnehagen følgjer E39 og dei kommunale vegane når vi går på tur i nærmiljøet. Føresette køyrer stort sett barna til og frå barnehagen.

Målet er at Skei barnehage gjennom det daglege arbeidet skal bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i trafikken. Barnehagen skal bidra til at barna får grunnleggjande kunnskap om korleis ein skal opptre som fotgjengar i trafikken, og drive førebyggjande tryggingsarbeid som minskar risiko for skader og ulukker. I samarbeid med føresette skal vi syte for at levering og henting i barnehagen skal føregå på ein trafikksikker måte. Informasjon om og arbeid med trafikktryggleik er omtalt i progresjonsplan, månadsplan og barnehagen sin årsplan. Innhaldet er forankra i Forskrift om miljøretta helsevern, Folkehelselova og Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Førebyggjande arbeid i barnehagen

Barnehagen har ulike pedagogiske opplegg om trafikksikkerheit og nyttar desse i tema-arbeid i løpet av året. Kvar gong ein er på tur snakkar personalet med barna om kva som er viktig å hugse på når ein er i trafikken.

Barnehagen har årleg gjennomgang av beredskapsplan og relevante rutinar for å sikre at tilsette er kjende med rutinar knytt til hendingar, ulukker og skader som kan oppstå. I tillegg har ein fokus på korleis barn og personale skal ferdast på ein trygg måte i trafikken.

Rammeplan for barnehagen

Under fagområdet nærmiljø og samfunn står det: *«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Personalet skal introduserer barna for personar, stader og samfunnsinstitusjonar i nærmiljøet for å skape tilhøyrsle og hjelpe barna med å orientere seg og ferdast trygt.»*

Rutinar på tur

- Pedagogisk leiar/turansvarleg har med seg mobiltelefon og førstehjelpsutstyr.
- Barna skal ha på seg refleksvestar merka med namnet til barnehagen og telefonnummer.
- Barna går saman to og to.
- Ein vaksen går fremst og ein går sist.
- Pedagogisk leiar/turansvarleg har til ei kvar tid oversikt kor mange barn som er med, og kvar dei er.

- Ein går på venstre side langs bilveg.
- Før ein kryssar vegen skal alle stoppe opp og sjå til begge sider av vegen, og pedagogisk leiar/turansvarleg seier i frå når det er klart til å krysse vegen.

Bil- eller kollektivtransport

- Føresette har signert samtykkeskjema til bil- og/eller kollektivtransport i Visma Flyt Barnehage.
- Det skal berre nyttast buss, drosje og bil med trepunkts-selar.
- Ein skal sikre barna på best mogeleg måte med sikringsutstyret som er i bussen eller bilen.
- Føresette tek med bilstol/bilpute til eige barn.
- Pedagogisk leiar/turansvarleg har til ei kvar tid oversyn over at alle barna er med, og kvar dei oppheld seg.
- På- og avstiging skjer under kontrollerte og sikra tilhøve.

Foreldre/føresette si rolle i trafikktryggingsarbeidet

Einingsleiar har ansvar for at alle rutinar knytte til trafikktryggleik vert gjennomgått og informert om på foreldremøte kvart år. I tillegg vert informasjon om barnehagen sin trafikktryggleiksplan gjort tilgjengeleg for foreldre og føresette i Visma. Samarbeidsutvalet i barnehagen medverkar i utarbeiding og revisjon av planen.

Barnehagen har desse forventningane til føresette:

- Føresette skal sjå til at barna er forskriftsmessig sikra i eigen bil.
- Når føresette køyrer bil og tek av i krysset ved E39 mellom Joker og Tenestetorget, køyrer ein roleg opp bakken forbi Omsorgssenteret. Det ferdast både skuleelevar og andre mjuke trafikantar gåande og syklande langs vegen, særleg ved skulestart og skuleslutt. Vi ber derfor alle om å halde låg fart og ta særleg omsyn til dei som ferdast til fots eller på sykkel.
- Føresette køyrer roleg inn på parkeringsplassen i barnehagen og har god oversikt over barn og andre som er der. Ein skal alltid rygge inn bilen når ein parkerer. Når ein går ut av bilen skal bilen ikkje gå på tomgang. Ta med bilnøklane når ein går frå bilen.
- Føresette vert oppmoda til å ikkje parkere tett inntil porten. Dette gjev betre oversikt over parkeringsplassen for alle som kjem til eller forlèt barnehagen, og er viktig for tryggleiken til både barn og vaksne.
- Føresette skal syte for at porten vert lukka etter levering og henting.
- Ved henting går føresette først gjennom porten, medan barnet følgjer etter. Dette bidreg til å hindre at barn spring ut på parkeringsplassen eller vegen utan tilsyn.

På barnehagen sitt uteområde

- Porten skal alltid vere lukka.
- Personalet eller føresette i følgje med barn, skal alltid gå først ut porten.
- Når barn og tilsette er ute på området i hentesituasjonar, må ein av dei tilsette ha tilsyn for å sikre at barn ikkje kjem seg usett gjennom porten. Når mange føresette og barn kjem og går samstundes, kan det vere fort gjort for andre barn å smette seg ut av porten. Føresette har og eit ansvar for å sjå til at andre barn ikkje kjem seg ut.
- Personalet er medvitne og merksame på kvar barna oppheld seg og at barna ikkje går vekk frå barnehagen sitt område.

Personalet si rolle i trafikktryggingsarbeidet

- Personalet skal vere gode rollemodellar.
- Personalet skal sjekke at portane er stengde før barna får gå ut å leike på leikeplassen.
- Personalet skal halde seg oppdatert på barnehagen sin beredskapsplan og relevante rutinar. Beredskapsplanen vert gjennomgått i fellesskap årleg.
- Nytilsette og vikarar får opplæring i barnehagen sitt trafikktryggingsarbeid.
- Dersom det skjer avvik i høve til sikring av barn i bil eller på sykkel ved levering eller henting, tek einingsleiar/pedagogisk leiar opp med dei det gjeld.
- På personalparkeringa ryggar dei tilsette inn mot barnehagen når dei parkerer. Dette gjev betre oversikt over gangvegen, der skuleelevar og andre mjuke trafikantar kan kome gåande eller syklande, og bidreg til å styrkje trafikktryggleiken.

Ulykker og uhell på tur

- Pedagogisk leiar/turleiar skal alltid ha tilgang på telefon. Ved mindre uhell tek ein kontakt med einingsleiar i barnehagen. Vidare vurderer ein kontakt med heim og eventuelt lege.
- Ved meir alvorlege hendingar skal ein kontakte 113 før ein kontaktar heim og einingsleiar i barnehagen.
- Pedagogisk leiar/turleiar har alltid med lettare førstehjelpsutstyr på tur.
- Ved alle skader som fører til legebesøk eller ved mistanke om seinskadar, skal pedagogisk leiar/einingsleiar registrere dette i SikkerSak og eventuelt nytte NAV sitt skademeldingsskjema. Barnehagen og kommunen har prosedyrar for dette.
- Ved alle uhell skal føresette varslast.

Viktige telefonnummer

Naudhjelp: 116 117

Legevakt: 113

Skei legekontor: 57 72 62 50

Politiet: 112

Brann: 110

Einingsleiar: 99 48 52 40/57 72 64 33

Trafikksikker kommune



Haldningsarbeid og informasjon til barna	
Aktivitet	Tidfesting
Haldingsskapande arbeid når me er ute på tur. Me snakkar og praktiserer trafikktryggleik.	Så snart me forlet barnehageområdet.
Refleks på alle barn på tur. Den skal vera merka med barnehagen sitt namn og telefonnummer.	Så snart me forlet barnehageområdet.
Me held hender, eller held i turtau, når me går langs traffikert veg. Føl retningsliner.	Så snart me forlet barnehageområdet.
Arbeider med pedagogisk tilrettelagde aktivitetar i kvardagen, men spesielt når me har det som fokusområde.	I kvardagen, men spesielt i april.

Haldningsarbeid og informasjon til foreldre	
Aktivitet	Tidfesting
Dele skriftleg informajon med foreldre	Når ein sender velkomstbrev til nye foreldre
Fast punkt om trygg ferdsel i trafikken og parkering i barnehagen på saksliste til foreldremøte	På foreldremøtet i september
Dele haldningsskapande informasjon på MyKid når me arbeider med barnegruppene	Heile året, men spesielt i april når me har ekstra fokus på trafikktryggleik

Haldningsarbeid og informasjon til personalet	
Aktivitet	Tidfesting
Retningsliner i HMT-permen	Alle tilsette skal lese gjennom og signere at dei har lese kvar haust
Ekstra fokus og repetering når me arbeider med barnegruppene	I april
Gjennomgang av årsplan og rutiner	I mars



Bilder henta frå *"Barnas Trafikklubb -Trygg trafikk"*



Er du ein god rollemodell?

- ✓ Eg held låg fart og er merksam ved inn- og utkøyring i barnehagen.
- ✓ Eg ryggar bilen inn på parkeringsplassen.
- ✓ Eg slår av tenninga og låser bilen når eg går i frå den.
- ✓ Eg brukar bilbelte sjølv om turen er kort.
- ✓ Eg let mobilen ligge under køyring.
- ✓ Eg brukar sykkelhjelm.
- ✓ Eg brukar refleks.



